

Statens vegvesen Region Vest

 Askedalen 4  
 6863 LEIKANGER

## Kystvegen - utgreiingar og planprosess

Hovudutval for samferdsle handsama i møte den 25.11.14, sak 61/14, kva ambisjonsnivå som skal leggast til grunn for utgreiinga av Kystvegen mellom Ålesund og Bergen.

Hovudutval for samferdsle gjorde følgjande endelege vedtak:

Følgjande ambisjonsnivå skal leggast til grunn for utgreiinga av Kystvegen mellom Ålesund – Bergen:

- A. Utgreiingstema:
- Veggen sin funksjon og standard
    - o Veggen sitt føremål og funksjonsklasse
    - o Vegstandard
    - o Transportmodell
    - o Verknader
  - Tiltak på delstrekningar
    - o Nord for Nordfjorden
    - o Strekninga rv. 5– Sløvåg
  - Kostnadsoverslag
- B. Følgjande delstrekningar skal utgreiast:
1. Nord for Nordfjorden
    - a. Fv. 61 Maurstad – Naveosen, utbetring av eksisterande veg, ev. gang- og sykkelveg.
  2. 45 minuttsregionen Måløy - Florø. Planarbeid og rapportar utarbeida av 45 minuttsregionen og kommunane, vert vurdert av Statens Vegvesen, som alternativ til nye utgreiingar:
    - a. Måløy – Svelgen
    - b. Svelgen – Indrehus
    - c. Indrehus – rv.5
  3. Rv. 5 Førdefjorden. Kommunane vert førespurd om vurderte alternativ
    - a. Nytte rv. 5
    - b. Ny veg sørover frå rv. 5.
    - c. Utbetring av eksisterande fv. 542 og 611. Vurdere eventuell innkorting av veggen mellom Eikefjord og Redal.
    - d. Vurdere aktuelle stader for kryssing av Førdefjorden
    - e.
  4. Førdefjorden – Dalsfjorden
    - a. Utbetring av eksisterande veg. Mellom Askvoll og Stongfjorden kan tidlegare rapport frå 2012 leggast til grunn
    - b. Vurdere hensiktsmessig innkorting mellom sørsida av Førdefjorden (frå anbefalt kryssingspunkt) og Otterstein.

5. Dalsfjorden – Sognefjorden
    - a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
    - b. Vurdere ei fjordkryssing over Sognefjorden som inkluderer fastlandssamband for Solund og slik gjere Kystvegen ferjefri. Dette skal utgreiast med fylkesvegstandard, og skal ikkje vere i konkurranse til E39.
    - c.
  6. Sognefjorden – Fensfjorden (Sløvåg)
    - a. Utbetring av eksisterande veg, med eventuelle korte omleggingar
- C. I tillegg må tidlegare planlagde og utgreidde vegstrekningar på ruta omtalast, og kostnader for desse må bli oppdatert. Dette gjeld nytt samband over Ytre Nordfjord og utgreiingar på strekninga Sjørdalen – rv.5.

Utgreiinga må beskrive

- a. Vegen sin funksjon
- b. Dagens vegstandard på delstrekningar
- c. Tilrådd utbyggingsstandard på delstrekningar
- d. Kostnader (på overordna nivå) +/- 40 %
- e. Trafikale verknader
- f.

Moglege regionale og nasjonale verknader knytt til landskapsbilde, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø og naturressursar må omtalast i utgreiinga. Det skal ikkje lagast konsekvensanalyse på dette stadiet.

Utgreiinga skal gje ei tilråding om prioritering per delstrekning og på ruta samla.

- D. Utgreiinga skal inkludere eit oversyn over kvar det er aktuelt å kople Kystvegen gjennom Sogn og Fjordane til Kystvegen Ålesund – Bergen i Møre og Romsdal og Hordaland.
- E. Gjennom utgreiingsarbeidet skal dei aktuelle kommunane få høve til å gje innspel til Statens Vegvesen før saka skal til politisk handsaming. Kommunane vert førespurd om å sende inn vurderte alternativ av deltrasear som grunnlagsmateriale for utgreiinga. Statens Vegvesen skal vurdere alternativa ut frå ei hellskapleg løysing både for delstrekningar, påkoplingspunkt mot anna vegnett, og den samla vegstrekninga for Kystvegen Ålesund - Bergen.

Vedlagt følgjer saksprotokoll frå handsaming av saka.

Med helsing

Ole Ingar Hagen Hæreid  
 nestleiar samferdsleavdelinga

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Kystvegen - utgreiingar og planprosess

Mottakar (ar)

Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER

Kopi til: